



FYLKESMANNEN
MØRE OG ROMSDAL

Kvalitetsstrategi «Betre oppvekst»

Fylkesmannen i Møre og Romsdal

31.mars.2014



♥ BETRE
OPPVEKST

Innhald:

Bakgrunn for satsinga s. 3

Kort om :

- kvalitetsomgrepet s. 4
- medverknad s. 5
- barn og unge sitt oppvekstmiljø s. 6
- sosiale skilnader s. 7

Internkontroll s. 7

Lenker s. 9

Vedlegg:

Kontrollpunkt

Sjekkliste

Arbeidsgruppe:

- Sveinung Dimmen, samordnar stab
- Maren Ørjasæter Aaland, seniorrådgivar oppvekst og utdanningsavdelinga
- Berit Roll Elgsås, rådgivar barnevern, helse og sosialavdelinga (slutta august 2013)
- Anne Mette Nerbøberg, leiar satsinga «Betre oppvekst»

Bakgrunn for satsinga

Satsinga «Betre oppvekst» starta 25. januar 2012. Målet er å sette søkelys på barn og unge sine oppvekstvilkår i Møre og Romsdal. Hovudmål for satsinga er at barn og unge sine oppvekstvilkår skal bli vurdert i alle saker og i all aktivitet hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR). «Betre oppvekst» er eit samordningstiltak for heile embetet og ein vil at satsinga skal føre til at både det direkte og indirekte arbeidet retta mot denne gruppa skal blir meir heilskapleg og målretta. I første fase har arbeidet vore retta internt i embetet. I neste fase vil arbeidet i større grad rette seg mot arbeid eksternt, til dømes kommunar, fylkeskommunen og andre samarbeidspartar.

Arbeidsgruppa har utarbeidd fire strategimål som satsinga «Betre oppvekst» skal bygge vidare på. For å kome fram til dei fire strategimåla har vi tatt utgangspunkt i mellom anna FMMR sin strategiplan, FN sin barnekonvensjon, embetsoppdraget og nasjonale føringar frå fleire departement. Dei fire måla er:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal arbeide for å

- sikre medverknad frå barn og unge
- betre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge
- betre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge
- redusere dei negative konsekvensane av sosiale skilnader

For å nå dei fire strategimåla må ein legge til grunn eksisterande lovverk og nødvendig fagkunnskap.

Barnekonvensjonen

FNs generalforsamling vedtok FNs barnekonvensjon 20.11.1989. Barnekonvensjonen er ratifisert av nesten alle land i verda og inneber ei plikt for nasjonale myndigheiter til å følgje konvensjonen sine ulike artikkelar. Landa har plikt til å tilpasse si lovgiving og praksis i samsvar med konvensjonen.

Barnekonvensjonen bygger på fire grunnleggande prinsipp. Dette er prinsippa om:

- Barnet sitt beste
- Barnet sin rett til liv og utvikling
- Barnet sin rett til å bli høyrte
- Prinsippet om ikkje-diskriminering

Dei ulike artikkelane i barnekonvensjonen tar ikkje omsyn til korleis kvart enkelt land eller dei lokale styresmaktene vel å organisere sine tenester, men er ei plikt dei ulike delane av tenesteapparatet har til å samarbeide om å gi barn dei rettar dei har fått gjennom barnekonvensjonen. Fylkesmannen er også forplikta til dette og barnekonvensjonen sine generelle prinsipp ligg til grunn for «Betre oppvekst» si satsing generelt og i kvalitetsstrategien spesielt.

Barnekonvensjonen er også førande for kommunal verksemd. Kommunane skal gi barn og unge eit tenestetilbod og dei må sørge for at oppgåver knytt til barn og unge sine rettigheter løysast i fellesskap mellom ulike kommunale tenester. Fylkesmannen i Møre og Romsdal skal legge vekt på prinsippa i barnekonvensjonen i vår kontakt med kommunane, og barnekonvensjonen må gjerast tydeleg i våre oppgåver knytt til samordning og rettstryggleik.

I handlingsplanen for «Betre oppvekst» er eitt av måla å utarbeide ein kvalitetsstrategi, bygd på mellom anna FN sin barnekonvensjon, FMMR sin strategiplan, embetsoppdraget og nasjonale føringar. Den skal vere med på å sikre at dei tilsette vurderer barn- og ungeperspektivet i alle saker og i all aktivitet, som til dømes sakshandsaming, tilsyn og kursarrangement. For at dette skal gjennomsyre alt arbeid i organisasjonen vår, har ei arbeidsgruppe utforma ei sjekklister knytt til dei fire strategimåla. Denne lista er meint å gjere det lettare å bringe dei fire strategiane inn i det daglege arbeidet. Når ein går gjennom sjekklister og kvitterer ut dei punkta som er viktig for den oppgåva ein arbeider med, kan FMMR sette «kvalitetsstempel» på saka i form av logoen vår for «Betre oppvekst». Det skal vise at FMMR ikkje tar noko avgjerd utan at barn- og ungeperspektivet er vurdert.

Kort om kvalitetsomgrepet

Kvalitet er eit ofte nytta omgrep i daglegtalet utan at vi definerer kva innhald vi legg i omgrepet. Kvalitetsomgrepet kjem frå latinsk og handlar om korleis noko er og om kva eigenskap som kjenneteiknar eit fenomen. Om noko er bra eller godt eller ikkje er avhengig av person, situasjon og kultur og gjer at kvalitet knytt til eit fenomen, ikkje kan definerast og slåast fast ein gong for alle.

I dagens Norge med eit stort mangfald, er det i eit slikt kvalitetsperspektiv nødvendig å ta inn over seg konsekvensane av at det er mange måtar «å vere norsk» på. Då kvalitet er eit dynamisk og verdiavhengig omgrep, vil evne til å gripe tak i prosessar, synleggjere, løfte fram, omtale og vurdere det som skjer, saman med barn og unge, vere avgjerande for kvaliteten. Dette har med barn og unge sin medverknad å gjere og er viktige element i oppveksten og til aktiv deltaking i demokratiet både no og seinare i livet.

I FN sin barnekonvensjon (1989) er det eit uttalt mål at alle tiltak som gjeld barn skal vere til barns beste. For å oppnå dette må barn og unge bli tatt med og få høve til å uttale seg.


Det er viktig å legge til grunn ei deltakande tilnærming til kvalitet. Ei deltakande tilnærming til kvalitet krev at alle partar kjem til orde. Ein må ha møteplassar og ei organisering som gjer at alle partar kan kome med sine innspel. I tillegg krev det system og heilskapstenking som grunnlag for kontinuerlege prosessar på ulike nivå i samfunn og organisasjonar.

Kort om medverknad


"Barn har rett til å si sin mening i alt som vedrører det og barnets meninger skal tillegges vekt" (FNs barnekonvensjon art 12). Vaksne har ansvar for at FN's barnekonvensjon blir følgt opp i praksis, slik at barn får fysisk og psykisk omsorg og støtte til personleg utvikling, vidare rett til deltaking i eit fellesskap, rett til medverknad og rett til å bli behandla som subjekt. Det å møte barn som subjekt handlar om ei yrkesetisk haldning, som kjem til uttrykk i praksis på varierte måtar. Det handlar om barns medverknad, fysisk og psykisk omsorg, respekt for barn sine leikande veremåtar eller om å skape eit læringsmiljø der barn blir engasjerte i spennande prosessar. Ein yrkesetikk som er forankra i eit nytt syn på barn og i tråd med moderne menneskerettstening, krev kunnskap og tid å utvikle.

Retten til medverknad og oppseding til demokrati har vore ein viktig del av danningstradisjonen i pedagogikken. Barn og unge skal oppleve at dei er verdfulle og blir tatt på alvor. Alle som arbeider med barn og unge skal legge til rette slik at dei blir gitt ansvar og får reell moglegheit til medverknad i kvardagen. Barn og unge skal involverast og ha moglegheit til å påverke saker som gjeld dei sjølve.

Det kan inviterast til medverknad på mange nivå. Ytterpunktta er på den eine sida passiv informasjon for eksempel i media, til på den andre sida å få rett til å vere med og ta avgjerder. Fleire teoriar og figurar er laga for å beskrive dei ulike nivåa. Medverknadsstigen er ein kjend måte å synleggjere dette på, og vi nyttar her ein forenkla og fornorska versjon av medverknadsstigen



Medverknad treng ikkje ha ei hierarkisk tilnærming. Dersom ein ser på medverknad som eit hjul kan ein i større grad tilpasse medverknad inn mot det ein ønskjer å oppnå.



(Modellane er henta frå rapporten "Virker medvirkning virkelig?" Evaluering av planmedvirkning i storbyene, sluttrapport, Asplan Viak 23.02.2007)

Kort om barn og unge sitt oppvekstmiljø

Korleis det er der barn veks opp kan avgjere den enkelte si mulighet for ein trygg oppvekst, motorisk utvikling og ei god helse. Å skape gode møtestader, mulighet for fantasibasert leik, samvær og fysisk utfolding er ei av dei viktigaste oppgåvene samfunnet har.

Tilrettelegging av gode oppvekst- og nærmiljø, og med særleg søkelys retta mot barn og unge sine interesser, skal inngå som eit viktig tema i samfunnsplanlegginga – både nasjonalt, regionalt og lokalt. Vi har sidan 1989 hatt risikopolitiske retningslinjer for å styrke barn og unge sine interesser. På trass av at kommunane kjenner til desse, har det i alt for mange saker vore andre omsyn som har vunne fram i kommunane når det har oppstått konflikt mellom ulike interesser.

Nasjonale mål for barn og unges oppvekstmiljø (MD T-2/08) :

«Sikre et oppvekstmiljø som gir barn og unge trygghet mot fysiske og psykiske skadevirkninger, og som har de fysiske, sosiale og kulturelle kvaliteter som til enhver tid er i samsvar med eksisterende kunnskap om barn og unges behov.

Ivareta det offentlige ansvar for å sikre barn og unge de tilbud og muligheter som samlet kan gi den enkelte utfordringer og en meningsfylt oppvekst uansett bosted, sosial og kulturell bakgrunn.»

Samfunnet må fremme barn og unge sitt fellesskap med tanke på initiativ, identitet og tilhørslse. Vi må legge til rette for at dei får den naudsynte sosiale kompetansen. Det krev at vi, i tillegg til å legge til rette for fysiske strukturar, utviklar tenester og tilbod som er tilgjengelege og samordna, for og med barn og unge.

Kort om sosiale skilnader

Dei sosiale skilnadene i Norge aukar kvart år. Avstanden mellom barn og unge som er inkludert og dei som er ekskludert ser ut til å samanfalle på fleire område, mellom anna innan helse, økonomi og utdanning. Forsking viser at vi kan finne systematiske sosiale skilnader i oppvekstvilkår der dei same gruppene barn og unge er utsett på fleire livsområde og dei erfarer oftare ei opphoping av negative hendingar i livet. Auke i sosiale skilnader er ei stor utfordring i Norge i dag.

Sosiale skilnader i eit samfunn handlar mellom anna om verdiar og korleis ein ser på både menneske og samfunn. Tiltak for utjamning krev at innsatsen blir retta inn mot dei faktorane som ligg bak som fører til sosiale skilnader, og leggje til rette for at den einskilde skal ha høve til å ta gode val. Det vil vere behov for ein kombinasjon av universelle ordningar og målretta tiltak mot spesielt utsette grupper. Tiltak må settast inn så tidleg som råd for å stoppe ei negativ utvikling.

Internkontroll

På bakgrunn av introduksjonane til omgrepa *kvalitet, medverknad, oppvekstmiljø og sosiale skilnader* har vi laga ei sjekkliste/kvalitetsindikatorar. Der stiller vi spørsmålet

«Vil di tilråding/avgjerd/handling gi grunnlag for betre oppvekst for barn og unge i Møre og Romsdal? Er du med på å

- ***sikre medverknad frå barn og unge***
- ***betre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge***
- ***betre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge***
- ***reduere dei negative konsekvensane av sosiale skilnader***

Strategimåla må elles sjåast i samanheng med nødvendig fagkompetanse og eksisterande lovverk.

Vedlagt følgjer ei sjekkliste til kvart av strategimåla nemnd ovanfor. Som eit ledd i satsinga «Betre oppvekst» ved embetet skal alle tilsette gå gjennom punkta i lista for å kvalitetssikre eige arbeid opp mot hovudmålet om at barn og unge sine oppvekstvilkår skal bli vurdert i alle avgjersler og i all aktivitet hos Fylkesmannen i Møre og Romsdal. Arbeidsgruppe 3 i OU-prosessen «Fram Mot 2014» skriv i sitt dokument at internkontroll blir definert som *dei tiltak eit selskap gjennomfører for å sikre*

at dei når sine mål på ein forsvarleg måte (COSO-rapport 1992) Ser ein dette i samanheng vil ei slik sjekkliste heilt klårt vere ein del av Fylkesmannen sitt internkontrollsystem.

Strategimålet «sikre medverknad frå barn og unge» skal ha særskilt merksemd. Medverknad frå barn og unge er ein føresetnad for å lykkast i arbeidet knytt til dei tre andre måla. Med det som utgangspunkt, har vi valt å vektlegge medverknad både i sjekklista og i arbeidet elles i 2013 og 2014.

Lenker:

Barne og likestillingsdepartementet (BLD): <http://regjeringen.no/bld>

BLD; Barn og ungdom:

http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/tema/barn_og_ungdom.html?id=1015

BLD; om barnekonvensjonen: http://www.regjeringen.no/nb/dep/bld/tema/barn_og_ungdom/fns-barnekonvensjon.html?id=670174Fattigdomsmelding

Norsk Form; Medvirkning med barn og unge:

<http://www.norskform.no/Temaer/Byutvikling/Bylab/Medvirkning-og-barn1/Artikler/Medvirkning-og-barn/>

Voksne for barn: <http://www.vfb.no/>

UngData: <http://ungdata.no/id/22414>

UngWeb: www.UNGweb.no

Barneombudet: www.barneombudet.no

Norsk institutt for forskning om oppvekst, velferd og aldring: www.NOVA.no

Bufetat: www.bufetat.no

www.ung.no

Dokument:

Satsing på barn og ungdom. Regjeringens mål og innsatsområder i statsbudsjettet 2014

http://www.regjeringen.no/upload/BLD/Barn%20og%20Ungdom/Satsing%20p%c3%a5%20barn%20og%20ungdom/Satsing_barn_og_ungdom_2014.pdf

[Rundskriv Q-16/2013: «Forebyggende innsats for barn og unge»](#)

Bufetat [«Oppvekstrapporten»](#)

Barnekonvensjonen, plakat:

http://www.regjeringen.no/upload/BLD/Barnets%20rettigheter/FNs_konvensjon_om_barns_rettigheter_nynorsk.pdf

Barn og unge og planlegging etter plan- og bygningsloven:

<http://www.regjeringen.no/pages/36739118/T-1513.pdf>

Barnefattigdom – kunnskaps og erfaringshefte:

http://www.regjeringen.no/upload/kilde/bld/bro/2006/0001/ddd/pdfv/271804-fattigdom_web.pdf

Vil di tilråding/avgjerd/handling, i tråd med nødvendig fagkunnskap og eksisterande lovverk, gi grunnlag for betre oppvekst i Møre og Romsdal?

Er du med på å sikre medverknad frå barn og unge?

Barn og unge skal oppleve at dei er verdfulle og blir tatt på alvor. Alle som arbeider med barn og unge skal legge til rette slik at dei blir gitt ansvar og får reell muligheit til medverknad i kvardagen. Barn og unge skal involverast og ha muligheit til å påverke saker som gjeld dei sjølve.

- Er det lagt til rette for barn og unge sin medverknad?
- Er moglegheit for medverknad lagt til eit riktig nivå jfr medverknadsstigen Har representantar for barn og unge sine interesser blitt involverte?
- Er barn og unge sine interesser blitt godt nok ivaretatt på andre måtar?
- Andre sjekkpunkt knytt til denne målsettinga

Er du med på å betre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge?

Fysisk miljø der barn veks opp er kan avgjere den enkelte si muligheit for trygg oppvekst, motorisk utvikling og god helse. Å skape gode møtestadar, muligheit for fantasibasert leik, samvær og fysisk utfolding er ei av dei viktigaste oppgåvene samfunnet har.

- Er det tatt omsyn til universell utforming?
- Tar infrastrukturen høgde for barn og unge sin naturlege plass og behov for utfolding i lokalsamfunnet? (biltrafikk, kollektivtrafikk, privat bilkøyring, gang- og sykkelveggar, skule/barnehage/butikk/ forsamlingslokale, avstand/ gangavstand)?
- Er bustadområde, møteplassar, friområde og leikeområde gode nok for å sikre eit godt oppvekstmiljø?
- Er det element av forureining (utslepp, jord, vatn, luft, støy, renovasjon) som påverkar barn og unge sitt oppvekstmiljø?
- Andre sjekkpunkt knytt til denne målsettinga

Er du med på å betre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge?

Samfunnet må fremme barn og unge sitt fellesskap med tanke på initiativ, identitet og tilhørslse. Vi må legge til rette for at dei får den naudsynte sosiale kompetansen. Det krev at vi, i tillegg til å legge til rette for fysiske strukturar, utviklar tenester og tilbod som er tilgjengelege og samordna, for og med barn og unge.

- Har barn og unge spenning, variasjon og mulegheit for meistring?
- Er mobbeførebyggjande arbeid tydeleg prioritert?
- Har barn og unge mulegheit til å utfalde seg i tur- og rekreasjonsområde, i friluftsliv og i fritidsaktivitetar(organisert og uorganisert)?
- Er der sosiale møteplassar og rom for deltaking i samfunnsliv og nærmiljø for barn og unge?
- Andre sjekkpunkt knytt til denne målsettinga

Er du med på å reducere negative konsekvensar av sosiale skilnader?

Dei sosiale skilnadene i Norge aukar kvart år. Avstand og skilje mellom barn og unge som er inkludert og dei som er ekskludert ser ut til å samanfalle på fleire område. Dette gjeld mellom anna innan helse, økonomi og utdanning. Sosial ulikskap ser ut til å gå i arv. Auke i sosiale skilnader kan vere ei av dei største utfordringane vi har i Norge i dag.

- Er det lagt til rette for deltaking for alle grupper (sosioøkonomisk svake grupper, minoritetsgrupper, framandspråklege grupper)? Ex kulturliv, frivillig arbeid, fritidsaktivitetar
- Er der bevisstheit om tiltak som kan vere med på å utjamne sosial skilnad?
- Er fråfall frå vidaregåande skule eit tema og blir tiltak for å motverke det iverksett?
- Vert det lagt til rette for å styrke helsedeterminantar som ernæring, fysisk aktivitet, redusere bruk av rusmidlar og tobakk, og hindre utvikling av vald og kriminalitet?
- Andre sjekkpunkt knytt til denne målsettinga

Sjekkliste

Saksnr	Dato	Namn/saksbeh	Tema

Med forankring i strategimåla og i tråd med fagkompetanse og eksisterande lovverk:

Strategimål	Tema	Relevant J/N/D/U	Omtalt J/N/D/U	Merknad/ kvalitetsvurdering/ Vidare oppfølging
1. Er du med på å sikre medverknad frå barn og unge? <i>-Med søkelys på demokrati, deltaking og medverknad...</i>	<ul style="list-style-type: none"> • medverknad frå BU • rett nivå for medverknad • system for å ivareta BUPerspektiv • BU som gjennomgåande perspektiv • andre moment 			
2. Er du med på å betre det fysiske oppvekstmiljøet for barn og unge? <i>-Med søkelys på nærmiljø, oppvekst og trafikkforhold...</i>	<ul style="list-style-type: none"> • universell utforming • bustad og bumiljø • nærområde og leik • infrastruktur • forureining • andre moment 			
3. Er du med på sikre det psykososiale oppvekstmiljøet for barn og unge? <i>-Med søkelys på tryggleik, trivsel og utfordringar...</i>	<ul style="list-style-type: none"> • variasjon, spenning • mobbforebygging • bu- og nærmiljø • tur og rekreasjonsområde, fritidstilbod (org./uorg.) • sosiale møteplassar • andre moment 			
4. Er du med på å redusere negative konsekvensar av sosiale skilnader? <i>-Med søkelys på levекår og inkludering...</i>	<ul style="list-style-type: none"> • deltaking for utsette grupper • utjamnande tiltak • fråfall i v.g. skole • helsefremmande arbeid • andre moment 			

Forklaring til tabellen: Relevant/Omtalt J = Ja, N = Nei, D = Delvis, U = Ukjent